


Heidrar medlemmar for lang og tru teneste

RADØY: Hordabø Arbeidarlag har heidra dei eldste medlemne sine: 40 år med plakett og gullmerke Asbjørn Kvalvåg og Sven Olav Saltnes. 30 år med plakett og sølvmerke Ragnar Floen, Oddbjørg Valdersnes, Knut Barvåg, Sølvi Saltnes og Asbjørn Sture. 20 år med plakett og sølvmerke Kåre Valdersnes, Edgar Grindheim og Margun Taule. Arbeidelaget er stolt over den innsats og arbeid desse har gjort gjennom desse åra.



Framfilm på Sjøfartsmuseet

Fredag 9. september er det urpremiere for teaterstykket «Fram som isen stiger» på Bergens Sjøfartsmuseum. Forestillinga gir ei tolking av menneska Nansen, Amundsen og Lindstrøm. Teaterstykket er ein komedie og er lagt opp som eit vandreteater på museet. Stykket er skriva og produsert av tre skodespelarar (AAE Production). Førestillinga vert vist på dagtid 10., 11., 17. og 18. september.

Skal skapa Knarvikmil- stemning heile året

LINDÅS: Knarvikmil-stemning heile året. Knarvikmila og Lindås kommune skal med "liv og lyst" skapa både trivsel og arbeidsplassar.

Knarvikmila og kommunen med livOGLyst

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

– Knarvikmila er ein folkefest, og denne veka skjer det utruleg mykje spennande. Vi ønskjer å leggja grunnlaget for eit slikt engasjement heile året. Knarvikmila går jo rett inn i det førebyggjande helsearbeidet. LivOGLyst-satsinga skal utvikla aktivitetar og trivsel gjennom heile året, seier Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes.

Saman med Lindås kommune og andre samarbeidspartnarar er Knarvikmila tatt med i det regionale utviklingsprogrammet LivOGLyst, eit prosjekt i regi av fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Sparebanken Vest. Formålet med programmet er å skapa bulyst, trivsel og utvikling i lokalsamfunna.

Ei drivkraft

– Knarvikmila er i dag ei drivkraft for Knarvik og regionen. Vi trur at denne drivkrafta også kan brukast til å skapa endå meir aktivitet og fellesskap, både inn- og utanfor kultur, idrett, folkehelse og næringsutvikling, seier Lindås-ordføraren.

Spaserven, bedriftstrening, joggeklubb og bli kjend-treningar er aktuelle aktivitetar. Byrknes håpar at dette er aktivitetar som kan spreia seg til heile kommunen. Aktivitetane skal også



LIV OGLYST: Knarvikmila - saman med kommunen og andre medspelarar - skal gjennom LivOGLyst skapa aktivitet og trivsel. Dei tar spenstige steg for folkehelse; ordførar Astrid Aarhus Byrknes, einingsleiar Reidun Sæbdal, Anne Kristine Aas (t.v) i idrettskretsen, næringsssjef Hogne Haugsdal og milgeneral Helge Brekke.

vera ein dørøpnar for at tilflyttarar skal gli lettare inn i lokalmiljøa.

Målet med LivOGLyst er å setja igang aktivitetar og prosessar som varer. Knarvikmila har fått økonomisk støtte til å etablere aktivitetar og

seminar som skal gå over heile året.

– Vi er opptatt av at folk skal mosjonere og trivast i kvardagen, seier Knarvikmil-general Helge Brekke. – Knarvikmila og LivOGLyst skal også fremja næringsutvikling og nyskaping innan

kultur, idrett og oppleving, seier næringsssjef Hogne Haugsdal.

Også arbeidsplassar

– Målet er at det etter kvart skal bli arbeidsplassar av ein del av aktivitetane, seier Haugsdal. Hordaland Idrettskrets er ein av

samarbeidspartnarane i programmet.

– Idretten skal bli meir inkluderande. Ikkje minst difor er det veldig spennande for oss å vera med i ei slik satsing, seier rådgjevar Anne Kristine Aas i idrettskretsen.

PLAST

Skyl plastemballasjen med kaldt vatn før du kastar den. Du kan kome til å kjøpa den att!

For kvar kilo plast som går til gjenvinning, sparer me to kilo olje.

NGIR
56 34 33 10 | www.ngir.no

